

Kjære medlem i Sunnhordland Amatørkulturråd,



## EKSTRAORDINÆRE MIDLAR TIL KULTURAKTIVITET I SUNNHORDLAND

Det er med glede vi kan melde at Sunnhordland Amatørkulturråd er tildelt kr 150.000,- frå Vestland fylkeskommune – til fordeling mellom medlemer av Sunnhordland Amatørkulturråd som er råka av koronarestriksjonar. Medlemer som er registrert seinast 10. januar 2021 kan søkje.

Vi er tildelt midlane av di Sunnhordland Amatørkulturråd oppfyller kriteriet om å vere ein regional paraply- og nettverksorganisasjon innan frivillig sektor som har høve til å vidareformidle midlar til sine medlemmer.

Styret i Sunnhordland Amatørkulturråd vil, basert på talet på søknader og samla søknadssum, gjere ein vurdering om korleis midlane vert fordelt. Det kan difor tenkja at det blir ein prosentvis avkorting til alle, slik at flest mogleg får tildelt midlar.

Vi ber våre lag og organisasjonar sende oss søknad så snart som mogleg og kort grunngje kva ein har tenkt å bruke eit eventuelt tilskot til. I samsvar med Vestland fylke vil vi oppfordra om at søknaden først og fremst er med å sikre aktivitet og gje høve til langsiktig planlegging.

Styret vil prioritere å gje tilskot til dei som skapar kulturaktivitet i tida framover, og som på tross av dei innskrenkingar som koronaepidemien medfører, treng ekstra tilskott. Til dømes når ein ikkje kan rekna med nok billettinntekter. Me vil også oppfordre om å sende søknad om ein har kreative idear som gjer at man kan ta i bruk digitale løysningar i eige lag, for å oppretthalde aktivitet.

### Søknaden må innehalde:

- Namn på lag/organisasjon og kontaktperson, samt organisasjons- og kontonummer
- Kort beskrive kva ein vil bruke eit eventuelt tilskott til.
- Opplyse om ein tidlegare har motteke «koronastøtte» frå eigen kommune, Vestland Fylke eller Staten.
- Søknadssum er maksimalt kr. 25.000,-

Søknadsfrist: 20 januar 2021. Styret tek sikte på å utbetale tilskott frå ca. 15. februar 2021.

Søknad sendes på epost til Sunnhordland Amatørkulturråd: [post@sunnkultur.no](mailto:post@sunnkultur.no)

Eventuelle spørsmål kan rettast til Sunnhordland Amatørkulturråd v/leiar Jan Spjeldnæs.

Tlf: 917 92642 epost: [j-spjel@online.no](mailto:j-spjel@online.no)

Me gjer merksam på at berre medlemmar i Sunnhordland Amatørkulturråd kan søkje. For oppdatert medlemsliste, sjå: <https://www.sunnkultur.no/medlemmer/>

Riktig god jul og takk for godt samarbeid i 2020.

På vegner av styret i Sunnhordland Amatørkulturråd

Jan Spjeldnæs  
Leiar